



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Astrid Holte, 5557 2319

Vår dato  
20.11.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/13162  
Dykkar referanse

Franzefoss Gjenvinning AS av. Eide

### Rapport frå inspeksjon ved Franzefoss Gjenvinning AS avd. Eide 1. oktober 2014

Rapportnummer: 2014.014.I.FMHO

#### Til stades ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Hilde Nymark Rasmussen  
Hans Kåre Eide  
Andrè Kausland

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Hallvard Hageberg  
Astrid Holte

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 3 avvik og har gitt 2 merknadar under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Handtering av deponigass
- Handtering og overvaking av sigevatn
- Mottakskontroll og avstenging av deponiet

Avvika og merknadane er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Franzefoss Gjenvinning AS avd. Eide må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. mars 2015** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Hallvard Hageberg e.f.  
senioringeniør

Astrid Holte  
senioringeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Fjell kommune

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Franzefoss Gjenvinning AS avd. Eide	<b>Risikoklasse:</b> 2
<b>Besøksadresse:</b> Eide	
<b>Postadresse:</b> Postboks 53, 1309 Rud	
<b>E-post:</b> hilde.nymark.rasmussen@franzefoss.no	<b>Telefon:</b> 48 32 74 13
<b>Kommune:</b> Fjell	<b>Organisasjonsnr.:</b> 980 888 525
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 38.110 - Innsamling av ikkje-farleg avfall	<b>Eigar (org.nr.):</b> 975265412
<b>Løyve sist oppdatert:</b> 29. juni 2009	<b>Siste tilsyn:</b> 26. august 2010 (deponiet)

## 2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Miljødirektoratet og Fylkesmannen kontrollerer i september korleis avfallsdeponi over heile landet handterer sigevatn og deponigass. Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Oppsamling og handtering av deponigass
- Oppsamling og handtering av sigevatn
- Overvaking
- Mottakskontroll
- Internkontroll med vekt på risikovurderingar

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. mars 2015** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

### Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan fristen, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

## 4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post 18. september 2014 at Franzefoss Gjenvinning AS avd. Eide skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 2. Dette betyr at de skal betale 15 600 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

## 5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

## 6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- avfallsforskrifta
- forureiningsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 29. juni 2009

Informasjon om regelverket finn de på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

### Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1: Handtering av deponigass har manglar

#### Avvik frå:

Løyvet punkt 5 om deponigass

Løyvet punkt 8.1 om internkontroll

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nr. 7

#### Kommentar til regelverket:

##### *Deponigass*

Deponigass skal samlast opp for energiutnytting, alternativt fakling, frå alle deponiceller med signifikant gassproduksjon, både i drifts- og etterdriftsperioden. Oppsamlingsanlegget skal dimensjonerast, byggjast og drivast for eit miljømessig optimalt gassuttak, tilpassa deponiet sin storleik og venta/utrekna gasspotensial.

Verksemda skal ha regelmessig kontroll med diffuse utslepp av deponigass. Verksemda skal regelmessig vurdere effektiviteten til gassuttaket frå deponiet og vurdere behov for oppgraderingstiltak. (Løyvet punkt 5)

##### *Rutinar*

Det skal vere etablert prosedyrar og rutinar for drift, vedlikehald, kontroll og overvaking av deponiet i driftsfasen. (Løyvet punkt 8.1 og internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nr. 7)

### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

#### *Deponigass*

Franzefoss Gjenvinning AS avd. Eide har etablert oppsamlingsanlegg for deponigass, men dei gjennomfører ikkje regelmessig evaluering av effektiviteten av gassuttaket. Det vert ikkje gjennomført regelmessig måling og balansering mellom dei ulike gassbrønnane. Etter gjennomgang av gassanlegget hadde E-tech laga ein rapport med manglar ved anlegget. Dei påpekte manglane var ikkje retta opp ved tilsynet.

Verksemda kunne ikkje dokumentere kor mykje gass som teoretisk vert produsert i deponiet opp mot kor mykje som vert tatt ut i anlegget, og vurdering av utviklinga over tid.

#### *Rutinar*

Verksemda hadde skriftlege rutinar for kontroll av diffuse lekkasjar kvar veke, men rutinane vart ikkje følgt.

### **Avvik 2: Handtering og overvaking av sigevatn har manglar**

#### **Avvik frå:**

Løyvet punkt 4.3 om sigevasshandtering

Løyvet punkt 8.3 om oversikt over vassbalanse

Løyvet punkt 8.4 om overvaking av sigevatn, overflatevatn og grunnvatn

Løyvet punkt 8.5 om rapportering

Løyvet punkt 8.1 om internkontroll

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nr. 6

#### **Kommentar til regelverket:**

##### *Sigevasshandtering*

Sigevatnet skal reinasast lokalt, i samsvar med best tilgjengeleg teknikk (BAT). (Løyvet punkt 4.3)

##### *Rutinar*

Det skal vere etablert prosedyrar og rutinar for drift, vedlikehald, kontroll og overvaking av deponiet i driftsfasen. (Løyvet punkt 8.1 og internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nr. 7)

##### *Overvaking og rapportering*

Verksemda skal ha eit overvakingsprogram for sigevatn, overflatevatn og grunnvatn i tråd med krava i avfallsforskrifta sitt vedlegg III og Miljødirektoratet sin rettleiar TA 2077, om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi. Overvakingsprogrammet skal klarlegge avgrensinga av deponiet sitt påverknadsområde. Programmet og eventuelle justeringar skal vere godkjent av Fylkesmannen. (Løyvet punkt 8.4)

Vedlegg III til avfallsforskrifta tar for seg kontroll- og overvakingsprosedyrer for deponi både i drifts- og etterdriftsfasen, og her går det fram at det også skal takast blandprøver for parameter som eignar seg for slike prøver. I rettleiaren for overvaking av sigevatn (TA-2077/2005), punkt 3.2.2, er det gjort greie for kva for parameter som ikkje er eigna for blandprøver.

Overvakingsdata skal rapporterast til forureiningsstyrmaktene i samband med årleg eigenrapportering. Rapporteringa skal omfatte samanstilling av overvakingsresultat, status i høve til krav i løyvet og vurdering av behov for tiltak. (Løyve punkt 8.6)

#### *Oversikt over vassbalanse*

I følgje punkt 8.3 i løyvet skal det lagast eit årleg oversyn over utviklinga ved deponiet. Det skal også, basert på resultat frå annan overvaking, lagast eit «rekneskap» for vassbalansen ved deponiet.

Ein slik vassbalanse skal gje eit teoretisk billede av diffus avrenning (lekkasje av sigevatn) frå deponiet, der ein tar inn faktorar som avdamping, nedbør/temperatur, endringar på deponioverflata (vegetasjon, tette flater, nye deponiområde), eventuell returpumping, utslepp av sigevatn etter rensing, m.v. Sjå kapittel 5.1 og vedlegg 3 til Rettleiar for overvaking av sigevatn (TA-2077/2005).

Teoretisk vassbalanse kan så samanliknast med overvakingsresultata for same året for å vurdere behov for nærare undersøkingar eller andre tiltak. Slike vurderingar bør inngå som ein del av den årlege eigenrapporteringa.

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

##### *Sigevasshandtering og rutinar*

Det er etablert reinseanlegg for sigevatn. Det var ikkje skriftlege rutinar for drift av reinseanlegget. Rutinane skal sikre drift av anlegget i tråd med best tilgjengeleg teknikk (BAT) og at utslepp vert redusert så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader.

Sigevatnet vert pumpa inn på reinseanlegget. Ved store nedbørsmengder går ein del av sigevatnet i overløp. Overløpsleidningen har utslepp på om lag same plass som utsleppsleidningen. Verksemda hadde ikkje oversikt over kor mykje sigevatn som gjekk i overløp.

##### *Overvaking og rapportering*

Overvakingsprogrammet er ikkje oppdatert. Innsendt prøveprogram gjeld for perioden 2008 til 2013. Det var ikkje sendt inn nytt program for godkjenning før perioden var omme, og i vår tilbakemelding på eigenkontrollrapporten for 2013 bad vi derfor om at nytt prøveprogram vart sendt inn for godkjenning i god tid før prøvetakingsåret 2015.

I tilbakemeldinga kommenterte vi også følgjande forhold:

- *Sammenstilling og vurdering av resultatene fra overvåkingen skal omfatte alle tema. Innsendt rapport for 2013 mangler blant anna sammenstilling og vurdering av resultat fra prøvetaking av sigevannssediment, og vurdering av grunnvannsbrønnene er enkel og mangler sammenstilling av analysedata. I Altinn er det rapportert en vesentlig økning i blant annet toksisitet for sigevannet uten at dette er kommentert.*
- *Det er opplyst at det er tatt utvidet prøveprogram i 2013, men resultat fra utvidet prøvetaking er ikke rapportert i Altinn*
- *I rapporten er det opplyst at grunnvannsbrønner nedstrøms kontrolleres 2 ganger årlig, og at referansebrønn og brønn oppstrøms måles årlig. I Altinn er det kun*

*rapportert 1 prøve for alle brønner i 2013, men dette er ikke kommentert under vurdering av resultat fra grunnvannsbrønner.*

Overvåkingsprogrammet omtaler ikkje korleis prøver av sigevatn og overflatevatn skal takast. Det vart opplyst at prøvene vert tekne som stikkprøver, og dette er også rapportert i Altinn.

Det blir tatt 2 prøver per år av sigevatnet inn til reinseanlegget og 4 prøver per år ut av anlegget. Ved rapportering av gjennomsnittsverdiar og vurdering av reinseffekt må verksemda ta omsyn til dette.

Overvåkingsprogrammet og rutinane må oppdaterast slik at prøvetaking, samanstilling, vurdering og rapportering vert i tråd med avfallsforskrifta sitt vedlegg III og Miljødirektoratet sine rettleiarar TA 2077 om overvaking av sigevatn og TA 3014 om eigenkontrollrapportering.

I samband med oppdatering av overvåkingsprogram bør det og vurderast om omfang av prøvepunkt elles er tilstrekkeleg.

#### *Oversikt over vassbalanse*

Vassbalanserekneskap for siste kalenderår har manglar. Mellom anna er ikkje fordamping og utlekking frå deponiet tatt med.

### **Avvik 3: Mottakskontroll og avstenging av deponiet har manglar**

#### **Avvik frå:**

Løyvet punkt 2.1 om registrering og kontroll ved mottak av avfall  
Avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg I, punkt 7 om avstenging  
Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nr. 2

#### **Kommentar til regelverket:**

##### *Kontroll ved mottak av avfall*

Det skal gjennomførast kontroll av alt avfall som blir mottatt. Kontrollen skal mellom anna avdekke om innhaldet i avfallet er i strid med løyvet eller interne retningslinjer for kva som kan takast imot. Mottakskontrollen skal minimum følgje krava i vedlegg II i avfallsforskrifta (Løyvet punkt 2.1)

##### *Avstenging*

Deponiet skal vere tilstrekkeleg sikra til å hindre fri tilkomst (Avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg I, punkt 7)

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

##### *Kontroll ved mottak av avfall*

- I september 2014 forsøkte Schlumberger å levere stoffet FelxiSTONE blend D2001 til deponiet på Eide. Franzefoss Gjenvinning AS opplyste at avfallet vart avvist, men at dei har tatt imot og deponert tilsvarande avfall tidlegare. Det følgde eit produktdatablad med massane, og verksmeda opplyste at dei rekna dette som tilstrekkeleg dokumentasjon. Avfall til deponi skal basiskarakteriserast i tråd med vedlegg II til kapittel 9 i avfallsforskrifta. Eit produktdatablad gjev eit godt grunnlag for basiskarakterisering, men er ikkje alltid nok. Basiskarakteriseringa skal mellom

anna avklare om massane er klassifisert som farleg avfall. Produktdatabladet for FelxiSTONE blend D2001 gjev ikkje klar informasjon om klassifisering, men EAL-kode 160303 – uorganisk avfall som inneheld farlege stoff, er foreslått. Innhald på 30-60 vektprosent av stoff som irriterar luftvegane og huda, R 37/38, tyder på at på at stoffet er farleg avfall. I del A til vedlegg 3 til kapittel 11 om vilkår som gjer avfall til farleg avfall, går det fram at avfall med totalkonsentrasjon over 20 prosent av irriterande stoff er farleg avfall. Dersom farleg avfall skal deponerast, skal basiskarakteriseringa innehalde dokumentasjon på at avfallet er stabilt og ikkje-reaktivt og med utlekking tilsvarande ordinært avfall.

- Slam vert årleg tømt frå reinseanlegget og deponert på det nye deponiet. Det vart teke prøver av slammet. Slam frå sivevatnet vart vurdert som ein del av deponiet og derfor ikkje basiskarakterisert.

Mottakskontrollen skal sikre at alt avfall, også eige avfall som slam frå sivevassreinsing, skal basiskarakteriserast. Dersom karakteriseringa viser at avfallet ikkje er kan deponerast på Eide innafor gjeldande løyve, må verksemda eventuelt søkje om endring av løyvet.

- Det var ikkje sørga for årleg verifisering av basiskarakterisering for kalk levert til anlegget. Basiskarakteriseringa var datert i 2012 og viste at kalk var vurdert som avfall som vert produsert jamt i like prosessar. Det skal gjennomførast verifikasjon av slikt avfall minst ein gong per år.

### *Avstenging*

Gjerdet rundt deponiet var dårleg vedlikehalde.

## **1. Merknader**

Vi har gitt følgjande merknader under inspeksjonen:

### **Merknad 1:**

Risikovurderinga bør oppdaterast

### **Kommentarar:**

Ved tilsynet vart pumpehavari, straumstans eller tette sivevassrør nemnd som dei hendingane med størst risiko for ytre miljø ved deponiet. Desse hendingane var ikkje vurdert i risikovurderinga for deponiet. Lukt, nærmiljølempen eller andre følgjer av at forureina sive-/overvatn renn på overflata i staden for å gå i lukka oppsamlingssystem var heller ikkje vurdert.

### **Merknad 2:**

Oppsamlingssystem for sivevatn bør vere eit lukka system

### **Kommentarar:**

Oppsamlingssystemet for sivevatn bør forberast. Forureina sivevatn i nedre del av det gamle deponiet renn på overflata i staden for å gå i lukka oppsamlingssystem. Sivevatnet vert samla opp ved fangdammen. Forureina sivevatn i opne grøfter kan mellom anna vere kjelde til lukt og nærmiljølempen.

## **2. Andre forhold**

### **Langtidslagring og bruk av kompostert slam**

Verksemda lagrar kompostert slam på toppen av avslutta deponi. Det ferdig komposterte slammet vert brukt til endeleg avslutning av deponiet. Dersom verksemda lagrar kompostert slam over 3 år, krev dette løyve frå Fylkesmannen etter deponiforskrifta kapittel 9. Dersom det skal nyttast meir slam til endeleg avslutning enn det som går fram av § 27 i forskrift om organisk gjødsel (15 cm ved bruk til toppdekke på avfallsfyllingar) må dette gå fram av avslutningsplanen.